

8. mai med høgare profil også i Uskedalen

31.03.2011



17. mai markering på Stemnepllassen 17. mai i fjor, med Erlend moen og Audun Eik. Frå i år blir det også ei høgt profilert markering 8. mai
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Regjeringa ved forsvarsminister Grete Faremo gjekk i mars ut med eit direktiv om at den nasjonale veterandagen 8. mai heretter skal markerast med ein høgare profil enn hittil.

**Det tek også Kvinnherad konsekvensen av og Uskedalen vil stå sentralt i markeringa saman med Halsnøy/Fjelberg og Hatlestrand.
I år fell 8. mai på ein sundag.**

Her i bygda blir det minnemarkering med vekt på aprildagane i 1940 frå klokka 14 til 17.

Det blir fredsgudsteneste i kyrkja, og etterpå guida kulturvandring med buss i sentrum i Uskedalen og i Herøysund.

Kaffiservering der alle har niste med inngår i dette opplegget..
Det blir også lagt opp til ein felles veteranlunsj, truleg i Kulturhuset på Husnes klokka 18.

Arbeidsgruppa leia av Kristian Bringedal som står for prosjektet har hatt det første møtet sitt og mellom anna vedteke at det skal skrivast helsing til alle veteranar i kommunen.

Omgrepet veteranar skal brukast slik at det omfattar både veteranar frå siste verdskrigen, Korea, Tysklandsbrigadene og dei internasjonale FN- og NATO-operasjonane heilt fram til i dag.

Dette er innleiinga på ein årvis og profilert markering av innsatsen til veteranane våre, som statsråden har uttrykt det.
- Heile samfunet må ta del i og gi anerkjenning til veteranane våre, held ho fram

Av Ola Matti Mathisen